

Hobbyklubben med teknologi og mat

02.03.2015



Hobbyklubben i Bedehuset jobbar godt og dei 4 gruppene presterer alt frå tekniske innretningar til mat. Elektronikkgruppa lager byggesett og matgruppa tryllar fram rettar som dei andre deltagarane får servert før dei går heim.

Denne veka fekk gruppa mykje ros for scones med ost og kakao! På øverste loftet jobbar avisgruppa allereie med sommarnummeret av Uskedalsposten som kjem til å innehalda eit svært allsidig stofftilfang. På programmet til hobbygruppa denne kvelden sto mellom anna støyping av ljós.

Men det er god plass til fleire enn dei 15 som møtte denne kvelden og hugs at det ikkje er nokon øvre grense medan nedre grense er 5.klasse.

Denne kvelden hadde klubben besøk frå Stord, av barne- og ungdomsarbeidar Lise Marie Litlabø, som både song og spela og heldt andakt.

Over er det ho som spelar medan Svanhild Haugland leiar ei sanggruppe. Også i år er medlemmane av klubben flinke til å syngja!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen